



Norsk studentorganisasjon

HØGARE UTDANNING ER STATEN SITT ANSVAR

Resolusjon vedtatt på NSOs landsmøte 2018 (20.–22. april 2018).

Norsk studentorganisasjon meiner at høgare utdanning skal vere staten sitt ansvar. Det inneber at dei statlege universiteta og høgskulene skal vere organisert under Kunnskapsdepartementet. For NSO er det viktig at den administrative organiseringa ikkje går på akkord med prinsippet om fagleg autonomi og fri forskning.

Når departementet vurderer tilknytingsmodellar for utdanningsinstitusjonane med autonomi som grunngeving, vil me peike på at autonomi ikkje er det same som privatisering. Ei lausriving av institusjonane frå statleg styring vil føre til ein mindre samkøyrte utdanningssektor, og meir kamp om dei allereie avgrensa ressursane i sektoren. Dei utfordringane som blir beskrive frå institusjonane si side bør kunne løysast innanfor dagens tilknytingsmodell som forvaltingsorgan med særskilte fullmakter.

NSO meiner at

- statlege universitet og høgskuler skal vere organisert som forvaltingsorgan med særskilte fullmakter.
- gruppa som skal vurdere tilknytingsmodellar for statlege universitet og høgskular skal ha tilfredsstillande representasjon frå tilsette, studentar og andre, men slik at ingen av gruppene åleine har fleirtal.
- Universitets- og høgskulelova sine representasjonskrav skal oppfyllest.

Om NSO:

Norsk studentorganisasjon (NSO) er en nasjonal interesseorganisasjon for 31 ulike studentdemokrati ved norske universiteter og høyskoler. Studentdemokratiene representerer om lag 230 000 studenter. NSO har til oppgave å ivareta og fremme studentenes interesser og rettigheter, fremme engasjement for nasjonale og internasjonale utdanningssaker blant studentene. Mer informasjon om organisasjonen finner du på www.student.no

